

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: 10. september 2008

Stad: møterom 222 i andre høgda av HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Pernille Myrvold, Lene Johannessen, Margery Vibe Skagen, Margareth Hagen, Benedicte M. Irgens, Lillian Helle, Ana Beatriz Chiquito, Beatrice Sandberg.

Frå gruppe B: Camilla E. Skalle.

Frå gruppe C: Kristin T. Skogedal, vararepresentant for Trym Holbek

Frå gruppe D: ventar på nye representantar

Dersom nokon av representantane over ikkje kan møta, må dei sjølve be vararepresentanten om å stilla i staden.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 7. mai 2008

Referatet ligg på www.framandsprak.uib.no, under ”informasjon for ansatte” og ”saksdokumenter”.

Sak 3 – orienteringssaker

- A. val av nye representantar frå gruppe B (mellombels vitskapleg tilsette) og D (studentar)
- B. inneklima i HF-bygget
- C. saker frå fakultetsstyret 9. september 2008
- D. undervisningsplanlegginga for våren 2009

Sak 4 – endring av retningslinene for forskingsutvalet

Det vedlagde notatet frå forskingsleiar Sandra Halverson gjev ei kort skisse av bakgrunnen for framlegget om justeringar i representasjonen til forskingsutvalet. Dei eksisterande retningslinene for utvalet ligg på www.framandsprak.uib.no, under ”informasjon til ansatte” og ”forskningsutvalet”.

Framlegg: Det blir gjort følgjande endringar i representasjonen til forskingsutvalet, jf punkt 2 i retningslinene for utvalet:

- 1) I andre kulepunkt står det no: "leiarane av dei forskargruppene som er administrativt forankra ved IF". Dette blir endra til: "leiarane av dei forskargruppene som er administrativt forankra ved IF, og som har minst tre tilsette ved instituttet (gruppe A eller B)".*
- 2) Det blir sett inn eit nytt kulepunkt: "ein representant frå gruppe A i tillegg til og utanom leiarane av forskargruppene".*

Sak 5 – semesterstart og studenttilstrøyming

Studieleiar Siri Fredrikson orienterer om semesterstart og tilstrøyminga til dei ulike faga ved instituttet.

Sak 6 – Økonomiorientering

Administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug orienterer om budsjett og rekneskap så langt i 2008.

Sak 7 - ymse

Beatrice Sandberg,
leiar av rådet

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

VEDLEGG TIL SAK 4: endring av retningslinene for forskingsutvalet

Institutttrådsmøte 10. september 2008

Institutt for framandspråk

Til: Instituttrådet ved Institutt for fremmedspråk

Fra: Sandra L. Halverson

Dato: 5. september 2008

Ang: Sammensetningen av forskningsutvalget ved IF

Den 13. februar 2008 vedtok Instituttrådet *Retningslinjer for forskingsutvalet ved Institutt for framandspråk*. Punkt 2 i retningslinjene omhandler representasjon.

På det tidspunktet da retningslinjene ble vedtatt, var ikke arbeidet med å definere og etablere forskningsgrupper ved IF kommet særlig langt. Etter den tid har man blant annet arbeidet med Strategisk plan for IF, som ble presentert for instituttet på et allmøte den 7. mars og vedtatt av instituttrådet den 7. mai. Det er også holdt et eget møte om forskningsgrupper ved instituttet den 28. mars.

Instituttledelsen har drøftet spørsmålet om representasjonen i forskningsutvalget i lys av denne prosessen. Ledelsen ønsker at retningslinjene presiseres slik at man får en bedre balanse mellom medlemmenes representasjonsgrunnlag.

Det fremmes forslag om følgende endring i retningslinjenes 2. avsnitt (endringer i fett skrift):

Med i forskingsutvalet er:

- forskingsleiaren ved instituttet
- leiarane av dei forskargruppene som er administrativt forankra ved IF, **og som har minst tre tilsette ved instituttet (gruppe A eller B)**
- ein representant for kvar av forskargruppene som har eit stort innslag av IF-tilsette, men likevel er administrativt forankra ved andre institutt. Forskingsutvalet avgjer sjølv kva for forskningsgrupper dette gjeld.
- **ein representant frå gruppe A i tillegg til og utanom leiarane av forskargruppene.**
- forskingskonsulenten ved instituttet
- institutttrådsrepresentanten for dei mellombels vitskapleg tilsette (gruppe B)

Sandra Halverson
5. september 2008